Tryggleiksveka i Høyanger

Høyanger kommune arrangerer årleg Tryggleiksveka – ein folkefest der tryggleik og førebygging i lokalsamfunnet står i sentrum. Temaet varierer frå år til år, og markeringa skjer i samarbeid mellom kommunen, næringslivet og frivillige organisasjonar.

Innbyggjarane får møte ulike aktørar som bidreg til eit trygt lokalsamfunn, og det blir arrangert aktivitetar knytt til til dømes brannvern, trafikktryggleik og psykisk helse. Eit fast innslag er tryggleikskurs for elevar i vidaregåande skule, med opplæring i førstehjelp, evakuering, brannteori og praktisk sløkking.

Tryggleiksveka bidreg til å auke kunnskap, skape engasjement og styrke fellesskapet rundt tryggleik i Høyanger.

Skadeforebyggende forum

Kontakt oss på: **post@skafor.org**